

Sometimes I Feel Like a Motherless Child - norsk versjon Odd Goksøy

Det hender eg er som eit barn utan mor
Kan du fatte den sorga - eit barn utan mor
Det hender eg er som eit barn utan mor
Kven følgjer på vegen heim?

Det hender eg er som ein vengjeklipt sporv
Kan du fatte den sorga, ein vengjeklipt sporv
Det hender eg er som ein vengjeklipt sporv
som ikkje veit vegen heim.

Det hender eg er som ein bortkomen son
Kan du fatte den sorga - ein bortkomen son
Det hender eg er som ein bortkomen son
langt borte frå arv og heim.

Har du nokon gong vore eit barn utan mor
ein vengjeklipt sporv, ein bortkomen son?
Har du nokon gong vore eit barn utan mor
Kven følgjer på vegen heim?